



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
05.11.2018
Dykkar dato
20.09.2018

Vår referanse
2007/4392- 562
Dykkar referanse
200708173

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til planendring for Breidalselva kraftverk, Gloppen kommune

Vi viser til oversendinga 20.9.2018 med søknad om planendring for Breidalselva kraftverk i Ryggvassdraget. Det er søkt om å få auke slukeevna med 10%, frå 0,30 m³/s til 0,33 m³/s, og overføre ein nærliggjande bekk. Grunngevinga er auka avrenning og eit ønske om å auke driftsvassføringspotensialet, samanlikna med det som er lagt til grunn i konsesjonen.

Ryggvassdraget er verna mot kraftutbygging, og dette føreset at ei utbygging ikkje skal svekke verneverdiane. Ifølgje nve.no er vernegrunnlaget for Ryggelva: «*Urørthet. Anbefalt type- og referansevassdrag. Beliggenhet i fjordområde nord i Sogn. Vassdraget er viktig del av et variert, glasialt utformet landskap med bratte dalsider og dalbunner fylt av vann. Stort naturmangfold knyttet til elveløpsform, prosesser, geomorfologi, botanikk, landfauna og vannfauna. Store kulturverdier. Friluftsliv er viktig bruk.*» Store delar av vassdraget inngår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Vurdering

I høyringsfråsegna vår til konsesjonssøknaden for Breidalselva kraftverk, rådde vi frå å gi konsesjon inntil dei samla utbyggingsplanane i vassdraget vart vurdert. Etter at Breidalselva kraftverk fekk konsesjon, vart det i 2017 gitt løyve også til Langedalselva kraftverk og Traudalselva kraftverk. Utnyttingspotensialet for den delen av vassdraget som ligg utanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde reknar vi med må vere realisert, innanfor dei rammene som er sett for kraftutbygging i verna vassdrag.

Slukeevna for dei to nyleg godkjende kraftverka er respektive 30% av middelvassføringa i Langedalselva kraftverk og 25% i Traudalen kraftverk. Ut frå dette verkar det ikkje rimeleg å auke slukeevna i Breidalselva kraftverk med 10% for å oppretthalde 50% vassutnytting også med det nye avrenningsregimet. Det er heller ikkje planlagt ei tilsvarande auke av minstevassføringa, noko som kan vere relevant å vurdere om slukeevna skal aukast.

Overføringa av bekken vil føre til nye naturinngrep, men i nær tilknytning til inngrepa knytt til den eksisterande utbygginga. Inntaket vil ifølgje søknaden liggje 4 meter utanfor grensa til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og røyrtaséen vil ligge i ein avstand på 5-20 meter. Det er viktig at det heller ikkje vert gjort inngrep innanfor vernegrensa under anleggsarbeidet, om planendringa vert godkjend.

Nedslagsfeltet er på berre 0,25 m³/s, men bekken har ifølgje søknaden «*stabil, varig avrenning gjennom hele året*». Flora og fauna knytt til bekken er ikkje undersøkt, så langt vi kan sjå av søknaden, og dette bør gjerast før eventuelt vedtak om planendring. Vidare må det fastsetjast ei avbøtande minstevassføring for å sikre naturmangfaldet knytt til bekken.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at planendringa for Breidalselva kraftverk må sjåast i samband med den samla kraftutbygginga i vassdraget, og etter vår vurdering er utbyggingspotensialet utnytta gjennom dei konsesjonane som er gitt. Vi konstaterer at slukeevna i Breidalselva kraftverk allereie er høgare enn i Langedalselva kraftverk og Traudalen kraftverk, og tilsvarande høg samanlikna med andre utbyggingar i vassdrag som er verna mot kraftutbygging i fylket. Planendringa er likevel liten, samanlikna med gjeldande konsesjon for Breidalselva krafterk, og det er ikkje venta at endringa vil få store konsekvensar for allmenne interesser. Før ei eventuell overføring av bekken kan godkjennast, meiner vi det bør liggje føre ei kartlegging av biologisk mangfald knytt til bekken, og at det vert stilt krav om avbøtande minstevassføring.

Med helsing

Eline Orheim
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Gloppen kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet